



Herborg Nordvik og Dagfrid Våge kom heilt frå Samnanger. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den fyrste strikkekafeen til Uskedalen Utvikling i ein ny sesong vart avvikla tysdag kveld. 25 lot pinnane gå i Gamleskulen og mellom dei var det strikkarar som kom heilt frå Nesttun, Samnanger og Stord. Initiativtakar Jane Haaranes var svært fornøgd med kvelden, som var både ein strikkefagleg og sosial innertiar!



- og Hege Hvoslef Kvalnes kom heilt frå Stord! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Apropos det strikkefaglege: - Det kostar meg 500 kroner å ta turen hit i kveld, men han er verd pengane, sa Hege Hvoslef Kvalnes frå Leirvik og synte uskedalen.no eit spesielt garn-nøste.

- Denne spesielle garntypen hadde dei ikkje på Stord og dette nøstet er ein stor del av grunnen til at eg er her, forklara ho.



25 kom på strikkekafeen denne gongen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Herborg Nordvik frå Tysse og Dagfrid Våge frå Årland måtte for sin del medgje at det ikkje er noko tilsvarende tilbud i Samnanger. Strikkekafeen i Uskedalen hadde dei fått kunnskap om på nettet.



Kristlaug Bjørge var på plass med garn og oppskrifter. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Også denne gongen var Kristlaug Bjørge på plass med garn og oppskrifter og hadde også mange gode råd å gje. Utveksling av slike er noko av det mest vesentlege under ein strikkekafe.

Men vi finn grunn til å gjenta to spørsmål vi også stilte i den førre sesongen: Kor er mennene? Er det verkeleg ingen mannlege strikkarar i Uskedalen?

Jane freista i fjor med eit møte om teknikken pjoning og ser ikkje bort ifrå at det kan bli eit spesielt hekle-møte noko seinare i haust.

Av Ola Matti Mathisen